

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 05.09.2019

Representanten **Astrid Aarhus Byrknes (KrF)** har stilt slikt spørsmål:

Under arbeidene i Lyngfjelltunnelen på FV 57 - Lindås så blir Fjellangersvingane brukt som om omkøyingsveg. Tungtransport og ellers mykje bil øydelegg dekket , og dette er no blitt svært farleg for dei mjuke trafikantane som bla sykklar. Du må sykle utanom desse hola og sprekkene for å kunne manøvrere på vegen og det skaper farlege situasjonen. Der har allereie vore ulykker med syklistar som har sklidd og falt når dei sykler pga mange store hol og svært ujamnt dekke, og når dei sykler utenom hola og sprekkene i asfalten og inn mot midten bla i svingene som der er mange av, så ser ikkje bilane når syklistene kjem. Dette skaper farlege situasjoner.

Eg har sjølv sykla der - seinast forrige veke i lag med Kari Misje Fjellanger som bur der og bildene er tatt på den sykkelturen, og eg og mange opplever det farleg og lite koseleg.

Eg ber om at de snarast tek ei synfaring, ordner opp både under arbeidet som nå pågår i tunnelen, men også etterpå når arbeidene er ferdig. Dette er skulevegen og sykkelvegen mellom Vågseidet og Lindås, og ein slik sykkelveg som er no, så øydelagt trur eg ikkje vi finn andre stader i fylket vårt. Ein må hugse på at ein ikkje kan sykle gjennom Lyngfjelltunnelen på FV 57.

Spørsmål : Kva vil SVV / HFK gjere for å ordne dette både på kort sikt under arbeidet og etter at arbeidet i Lyngfjelltunnelen er ferdig ?

Fylkesrådmannen gav slikt svar:

Det er gjort ei kartlegging på omkøyingsveg (Fjellangarsvingane) i forkant av tunneloppgraderinga i Lyngfjell. Dei skader som omkøyingsveg er påført som følgje av auka trafikkbelastning, vil verte reparert i løpet av hausten.